


## Vaksne i poliklinisk behandling

Halvparten av innbyggerane i Noreg vil oppleve å få ei psykisk lidning i løpet av livet. Psykiske sjukdommar rammar i stor grad den yngre del av innbyggerane, og angst og depresjon er dei hyppigaste tilstandane. Ruslidingar førekjem hyppig, også saman med andre psykiske lidningar. Psykoselidingar er forholdsvis sjeldne (1-3,5 %). Nokre tilstandar har svært god prognose, mens andre kan gi meir kroniske lidningar. Psykiske lidningar- og åtferdsforstyringar utgjer med 36 % den største gruppa av dei uføretrygda.


### Utval og definisjonar

Vaksne mellom 18 og 64 år, som i 2014–2018 hadde minst ein poliklinisk kontakt i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar eller hos avtalespesialistar i psykisk helsevern, er inkludert i utvalet.

Polikliniske kontaktar er definert som kontaktar der pasienten (eller pårørende) var fysisk til stades, og blei skriven inn og ut same dato (inkluderer både polikliniske konsultasjonar og dagbehandling). Indirekte polikliniske kontaktar er ikkje inkludert her.



Kjelde: NPR/SSB  
Pasientrate for poliklinisk behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal vaksne pasientar per 1 000 innbyggerar, fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.



Kjelde: NPR/SSB  
Kontakttrate for poliklinisk behandling for vaksne i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontaktar per 1 000 innbyggerar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.


### Resultat

Kvart år var over 180 000 vaksne i poliklinisk behandling ved psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller avtalespesialist psykisk helsevern, med nær 2 250 000 polikliniske kontaktar per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 48 til 83 vaksne i poliklinisk behandling per 1 000 innbyggerar per år. Kontakttraten varierte i buområda frå 461 til 1 229 kontaktar per 1 000 innbyggerar, med 696 som gjennomsnittleg årsrate.

Vaksne hadde i gjennomsnitt 12 polikliniske kontaktar per år, men talet varierte i buområda frå 8 til 15 polikliniske kontaktar per år.

Det var flest polikliniske kontaktar i psykisk helsevern (88-46 %). Bruk av avtalespesialistar var størst i hovudstadsområda (43-34 %), og lågast nord i landet (8 %). Polikliniske kontaktar i tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar utgjorde på landsnivå 14 %, og prosentdelen varierte i buområda frå 2 % til 29 %.



Kjelde: NPR/SSB  
Poliklinisk kontakttrate fordelt på buområde og landet, med prosentvis inndeling av behandling i psykisk helsevern (PHV), tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) og avtalespesialistar - psykisk helsevern (Avt). Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018). Ratane er justert for alder og kjønn.

### Kommentar

Vaksne i poliklinisk behandling er ei stor pasientgruppe. Med tanke på at pasientraten ikkje varierte stort mellom buområda er det verd å legge merke til at kontakttraten er nær dobbelt så stor i buområde med størst rate som i buområde med minst rate. Vaksne Oslo-innbyggerar har prosentvis størst bruk av avtalespesialistar.